



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge

Arkivreferanse: 2023/3134-86

### Revisjon av dokumentet "Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker"

| Saksnr. | Organ, utval  | Møtedato |
|---------|---------------|----------|
|         | Formannskapet |          |
|         | Kommunestyret |          |

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt forslag til revisjon av dokumentet «Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker» blir vedteke slik det ligg føre i saka.

Tittelen på dokumentet blir endra til «Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved handsaming av politiske saker». Dokumentet skal vera vedlegg til reglementet for sakshandsaming i folkevalde organ i Samnanger kommune.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast av: Kommunestyret

Saka skal til innstilling i: Formannskapet

#### Informasjon om bruk av kunstig intelligens

Kunstig intelligens (KI) er brukt som støtte i utarbeidinga av saksframlegget. Bruken av KI er gjort i samsvar med kommunen sine gjeldande retningslinjer. Heile innhaldet i saksframlegget er gjennomgått og kvalitetssikra av sakshandsamar.

#### Oppsummering

Saka gjeld revisjon av dokumentet «Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker». Dette dokumentet vart vedteke av kommunestyret i 2018,

og har ikkje vorte oppdatert etter dette. Dokumentet er vedlegg til reglementet for sakshandsaming i folkevalde organ i Samnanger kommune, som vart vedteke av kommunestyret i 2025.

Bakgrunnen for saka er at det etter 2018 har kome både ny kommunelov og nye reglement for folkevalde organ i Samnanger kommune. Dette gjer det nødvendig å oppdatera lovtilvisingar og noko av innhaldet i dokumentet.

Rådmannen vurderer at kommunen framleis bør ha eit slikt dokument, fordi det gir utfyllande lokale reglar, rutinar og eksempel på vurdering av gildskap/ugildskap.

Rådmannen foreslår å innføra ei oppmoding til folkevalde om å melda inn spørsmål om gildskap seinast tre kvardagar før møta. Målet med dette er å sikra betre førehandsvurderingar av gildskap, sikra at varamedlemer kan kallast inn i tide og redusera risikoen for ugyldige vedtak.

Rådmannen tilrår at kommunestyret vedtek det reviderte dokumentet slik det ligg føre i saka.

## **Saksopplysningar**

### **Bakgrunn for saka**

Kommunestyret vedtok [22.02.2018 \(sak 004/2018\)](#) dokumentet «*Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker*». Dette dokumentet var eit vedlegg til kommunen sitt dåverande reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet.

Det er no behov for å revidera dokumentet. Bakgrunnen for dette er at

- ny kommunelov tredde i kraft i 2019/2020
- nye reglement for dei politiske organa i kommunen vart vedtekne og tredde i kraft i 2025. Dette gjeld mellom anna «*Reglement for sakshandsaming i folkevalde organ i Samnanger kommune*», som har eit eige kapittel om gildskap.

Rådmannen har no gått gjennom dokumentet med reglar og rutinar som kommunestyret vedtok i 2018, og utarbeidd forslag til ei revidert utgåve av dokumentet. Som følge av at rådmannen foreslår meir enn berre reint redaksjonelle endringar, blir saka lagt fram for politisk handsaming. Det er kommunestyret som har vedtaksmynde i saka.

### **Faktagrunnlag, problemskildring og moglege løysingar**

Lovreglar om gildskap for kommunale tenestmenn og folkevalde står i forvaltningslova kapittel II og kommunelova § 11-10.

I Samnanger har me òg ein del lokale presiseringar i kapittel 4.14 i «*Reglement for sakshandsaming i folkevalde organ i Samnanger kommune*». Kopi av innhaldet i punkt 4.14 følgjer vedlagt. Dette reglementet vart vedteke av kommunestyret 11.12.2025 (sak 130/2025). I punkt 4.14.1 i reglementet er det vist til at kommunestyret i 2018 vedtok eit eige dokument med reglar og rutinar for vurdering av gildskap, og at dette dokumentet er vedlegg til reglementet. Dokumentet har ikkje vorte revidert etter at det vart vedteke i 2018.

Forvaltningslova sine reglar om gildskap (kapittel II i lova) er dei same i dag som i 2018. Kommunelova sine reglar om gildskap er òg i hovudsak dei same som i 2018, men som følgje av at det kom ny kommunelov i 2019/2020 står reglane no i andre paragrafar i kommunelova enn i lova som gjaldt i 2018.

I reglementet for sakshandsaming i folkevalde organ som kommunestyret vedtok i 2025, er det teke inn noko meir utfyllande lokale presiseringar om gildskap enn i kommunen sitt tidlegare reglement. Det kan derfor tenkjast at det ikkje lenger vil vera bruk for eit slikt dokument som kommunestyret vedtok i 2018 (*«Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved behandling av politiske saker»*). Dokumentet frå 2018 ser likevel ut til å innehalda såpass mykje utfyllande informasjon og konkrete eksempel at det framleis kan vera nyttig å ha eit slikt dokument. Føresetnaden er at dokumentet blir revidert, eller i alle fall ajourført.

Rådmannen har no gått gjennom dokumentet frå 2018 og utarbeidd forslag til revidert dokument. I forslaget er det både lagt inn nye lovhenvisingar til kommunelova og gjort ein del andre justeringar i teksten. Det er òg lagt vekt på at det skal vera samsvar mellom innhaldet i dette dokumentet og kapittel 4.14 i *«Reglement for sakshandsaming i folkevalde organ i Samnanger kommune»*.

Faktiske endringar som rådmannen foreslår:

1. Presisering om at det er ønskeleg at folkevalde seinast tre kvardagar før møtet melder frå til administrasjonen om forhold som gjer eller kan gjera han/ho ugild i ei sak på saklista. Per i dag har me ikkje ein slik konkret frist.
2. Teksten (i aktuelle punkt) er tilpassa ordlyden i den nye (gjeldande) kommunelova
3. Omgrepet «servicesenteret» er dei fleste stader i teksten erstatta med «administrasjonen». Bakgrunnen for dette er at det er rådmannen som avgjer kven i administrasjonen som skal ha oppgåver knytt til vurdering av gildskap.

## **Vurderingar og konsekvensar**

### **Vurderingar**

I mange møte i folkevalde organ i kommunen (spesielt kommunestyret og formannskapet), må organet i nokre saker vurdere og ta stilling til gildskapen til ein eller fleire medlemmer. Vurdering av gildskap er ikkje alltid enkelt. For å kunne handtera spørsmål om gildskap i folkevalde organ på ein god og effektiv måte, vil det vera ein fordel å ha lokale reglar og rutinar på dette området. Føremålet med dette vil mellom anna vera å sikra at

- spørsmål om gildskap i så stor grad som mogleg blir melde inn før møtet
- administrasjonen får høve til å førebu ei gildskapsvurdering og leggja ho fram i møtet
- varamedlem blir kalla inn før møtet dersom det er sannsynleg at medlemmen er ugild
- det folkevalde organet får eit godt grunnlag for å kunne ta stilling til (gjera vedtak om) gildskap/ugildskap

Som nemnt ovanfor, er vurderinga til rådmannen at det framleis kan vera nyttig for kommunen å ha eit dokument med utfyllande lokale reglar og rutinar for vurdering av

gildskap ved handsaming av politiske saker. Det vil òg vera nyttig om dette dokumentet inneheld ein del konkrete eksempel på ugildskap/gildskap, på same måte som i dag.

Det går fram av punkt 4.14 i reglementet for sakshandsaming som kommunestyret vedtok i desember 2025 at det er ønskeleg at rådmannen førebur ei vurdering av gildskapen til medlemmer som før eit møte melder inn spørsmål om gildskap. For at rådmannen skal få reell moglegheit til å gjera ei slik vurdering, vil det vera ønskeleg at slike spørsmål kjem inn nokre dagar før møtet. Dette er bakgrunnen for at rådmannen foreslår å leggja inn eit punkt der dei folkevalde blir oppmoda til å senda inn spørsmål om gildskap seinast tre kvardagar før møtet. Med kvardagar meinest her vekedagane måndag til fredag. Rådmannen foreslår ikkje at denne fristen skal vera absolutt, men i alle fall ei oppmoding til dei folkevalde. Sjølv om ikkje alle folkevalde skulle klara å halda denne fristen, vil det uansett vera ein fordel om dei fleste spørsmål om gildskap kjem inn seinast tre kvardagar før møtet. Nedanfor følgjer tre eksempel som viser korleis fristen er tenkt.

| <b>Eksempel 1</b>               |                    |
|---------------------------------|--------------------|
| <b>Møtedag:</b>                 | torsdag            |
| <b>Tre kvardagar før møtet:</b> | måndagen før møtet |

| <b>Eksempel 2</b>               |                     |
|---------------------------------|---------------------|
| <b>Møtedag:</b>                 | tysdag              |
| <b>Tre kvardagar før møtet:</b> | torsdagen før møtet |

| <b>Eksempel 3</b>               |                    |
|---------------------------------|--------------------|
| <b>Møtedag:</b>                 | måndag             |
| <b>Tre kvardagar før møtet:</b> | onsdagen før møtet |

Møteinnkallingar (sakspapir) til møte i folkevalde organ i kommunen blir normalt sendt ut éi veke før møtedatoen. Medlemmene i organet vil, med den fristen som rådmannen foreslår, ha minst to dagar på seg (frå møteinnkallinga blir sendt ut) til å senda inn eventuelle spørsmål om gildskap.

### Konsekvensar

Det går fram av kommunelova § 27-2 at det kan krevjast lovlegkontroll av vedtak som gjeld spørsmål om gildskap (inhabilitet). Dette understrekar at det er viktig at kommunen handsamar spørsmål om gildskap på ein god og betryggande måte, og at det blir gjort vedtak som er i samsvar med gildskapsreglane i lovverket. I ytterste konsekvens kan eit kommunalt vedtak bli oppheva dersom folkevalde som etter reglane i lovverket er ugilde, har delteke i handsaminga og røystinga i saka.

Ved å ha gode og tydelege lokale reglar og rutinar, vil risikoen for at slike tilfelle skal oppstå bli redusert.

Det vil truleg òg vera viktig for omdømet til kommunen at innbyggjarar og andre kan ha tillit til at spørsmål om gildskap blir handsama på ein god og betryggande måte.

### **Konklusjon og rådmannen si tilråding**

Rådmannen meiner at kommunen framleis bør ha eit eige dokument om reglar og rutinar for handsaming av gildskap ved handsaming av politiske saker, men at det noverande dokumentet må reviderast. Rådmannen foreslår at kommunestyret vedtek forslaget hans til revidert dokument.

### **Vedlegg**

- 1 Rådmannen sitt forslag til Reglar og rutinar for vurdering av gildskap ved handsaming av politiske saker
- 2 Rådmannen sitt forslag : samanlikning med noverande dokument
- 3 Kopi av punkt 4.14 i Reglement for sakshandsaming for folkevalde organ i Samnanger kommune